



Steinar Haugland, Odd Steinar Arnesen og Johannes Hjørnevåg ryddar og klargjer område for maskinarbeid i neste veke.

Baneprosjektet Gull av grus har god framdrift for tida. I dag morgon var tre personar på plass med kantklyppar og anna utstyr og fekk klargjort område for planering. Maskinarbeidet tek til i neste veke.

Vi har ved mange høve skrive om det vellukka baneprosjektet Gull av grus. Klokka åtte i dag var Odd Steinar Arnesen, Johannes Hjørnevåg og Steinar Haugland på plass med kantklyppar og ryddeutstyr.

Alt i neste veke startar Br. Musland arbeidet med drenering og planering av området. Nokre røter skal bort, og skråningen opp mot Geilovegen skal såast til. I skråningen ned mot banen vert det truleg lagt stor stein. Når dette er gjort, vert benkene plassert på dei rette plassane.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland